



Årgang 22, nummer 3, Oktober 2022

 NASJONALT SERVICEMILJØ FOR
MEDISINSKE KVALITETSREGISTRE

HELSE  VEST



HAUSTBREV FRÅ REGIONALT FAGSENTER FOR MEDISINSKE KVALITETSREGISTER



I dette nummeret:

- Stemningsrapport frå den Regionale kvalitets- og registerkonferansen
- Tre nye register med nasjonal status
- Pasientinitiert registrering i Parkinsonregisteret
- Forsking på registerdata
- Nyttige verktøy for statistikarar i Helse Vest
- Oversikt over midlar til forskning og kvalitetsforbetring
- Seminar for brukarrepresentantar i Oslo 7.nov

Kontakt [Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre](#)

E-post:
kvalitetsregistre@helse-vest.no



Stemningsrapport frå den Regionale kvalitets- og registerkonferansen

Helse Vest sin regionale kvalitets- og registerkonferanse vart arrangert i Førde 27. og 28. september, der hovudtema var «Saman». Konferansen er ein viktig møteplass for alle som jobbar med pasienttryggleik, kvalitetsregister og kvalitetsforbetring i Helse Vest.

Det var fleire interessante foredrag på programmet og kvalitetsregisterfeltet var godt representert. Foredrag om både etablering av nye kvalitetsregister og pågåande kvalitetsforbetringsprosjekt med bruk av data frå kvalitetsregister var interessante og inspirerande å høyre på.

I tillegg til foredrag var det og ei posterutstilling. Etter ei avstemming blei det klart at pris for beste poster gjekk til bruk av VR-briller i rehabilitering av hjerneslagpasientar i Helse Førde. Det blei òg delt ut ein

kvalitetspris som gjekk til Klinikk for psykisk helsevern for barn og unge (PBU) ved Haukeland universitetssjukehus.

Det er framleis mogeleg å sjå opptak av konferansen om ein gjekk glipp av denne.

[Les meir om konferansen her og sjå konferansen i opptak fram til 6.november](#)



Tori Smedal heldt foredrag om kvalitetsforbetringsarbeid i regi av Norsk MS-register
Foto: Eirik Goksøyr

Tre nye register med nasjonal status

Tre nye register har fått nasjonal status frå HelseDirektoratet: Norsk kvalitetsregister for alvorlige primære hodepiner, Norsk kvalitetsregister for øre-nese-hals (Hørselsregisteret for barn) og Norsk register for ALS og andre motonevronsykdommer (ALS-registeret).

Registra skal bidra til at pasientar med desse diagnosane får fagleg tilfredsstillande og likeverdig behandling, uansett bustad og sosial status.

Les meir her:

[Tre nye registre med nasjonal status | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)

Pasientinitiert registrering i Parkinsonregisteret

Norsk Parkinsonregister og biobank har som hovudmål å sikre kvalitet og einskapleg diagnostikk, behandling og oppfølging av pasientar med Parkinsons sjukdom og atypiske parkinsonistiske lidningar.

Løysinga som fagmiljøet ved registeret har tatt initiativ til, inneberer at pasientane kan samtykke til deltaking i registeret, og registrere data på eiga initiativ. Det dreier seg om eit breitt spekter av pasientdata; til dømes symptom,

behandling, medisinar og bi-verknader. Dette skjer via Helsenorge. Med denne nye løysinga registrerer pasientane seg via ei lenkje som vert no spreia i ulike fora.

[Les meir her om den nye løysinga i artikkelen frå Dagens Medisin](#)

Forskning på registerdata

Medisinske kvalitetsregister gir unike moglegheiter til å forske på effekt av behandling og behandlingsskvalitet. Det er gleden at dei nasjonale kvalitetsregistra i aukande grad vert nytta til kvalitetsforbetring og forskning. Det er både regionale og nasjonale føringar om auka bruk av data frå registra. I dette nyheitsbrevet vil vi utdjupe bruk til registerforskning: Data frå kvalitetsregister kan nyttast på ulike måtar i forskingssamanheng; som grunnlag for kliniske utprøvingar, observasjonsstudiar eller registerbaserte randomiserte studiar.

På helsedata.no er det oppretta eit elektronisk søknadsskjema som gjer det mogleg å søkje om tilgang til helseopp-

lysingar frå ulike register i same søknad. I første omgang omfattar søknadsskjema datakjelder som vert forvalta av Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og Kreftregisteret. Per i dag er det mogleg å søkje om data frå kvalitetsregister innanfor Hjarte- og karregisteret, Kreftregisteret, samt Norsk nyfødtd medisinsk kvalitetsregister. Fleire datakjelder vil bli inkludert i tida framover, det gjeld også andre medisinske kvalitetsregister.

For å søkje om data frå andre medisinske kvalitetsregister må ein foreløpig kontakte registeret direkte. For meir informasjon om forskning på registerdata, sjå [Forskning | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)

Nyttige verktøy for statistikarar i Helse Vest

Fagsenter for medisinske kvalitetsregister har utvikla verktøy i programmeringsspråket R for å forenkle og kvalitetssikre arbeid med analyse og rapportering av kvalitetsregisterdata. Av innhald er det mellom anna løysingar for å gjennomføre valideringsanalysar, berekne kvalitetsindikatorar, standardisere figurar og andre nyttige verktøy. Verktøyet vert vedlikehalda og oppdatert av Fagsenteret. Senteret vil fortløypande sende oppda-

tert verktøy til aktuelle mottakarar (først og fremst statistikarar som i dag jobbar med registerdata) når ny funksjonalitet vert lagt til.

Ta kontakt med [statistikarar ved Fagsenteret](#) om du er statistikar i vest og trur dette kan vere til nytte for deg eller andre som jobbar med data frå eit medisinsk kvalitetsregister, eller har spørsmål om verktøya.

Oversikt over midlar til forskning og kvalitetsforbetring

Kvart år vert det lyst ut regionale og nasjonale midlar til kvalitetsforbetring og forskning med ulike søknadsfristar. Under er ei oversikt over nokre midlar fagmiljø/registermiljø har mogelegheit å søkje på.

Helse Vest: [Regionale stimuleringsmidlar for bruk av data frå kvalitetsregister til forbetring av helsetenesta](#)

Helse Vest: [Såkmidlar til](#)

[pasienttryggleig- og forbettingsarbeid i regionen](#)

Helse Vest: [Forskningsmidlar](#)

SKDE: [Nasjonale prosjektmidlar til kvalitetsforbettingsprosjekt](#)

(NB: Oversikta er ikkje utfyllande)

Seminar for brukarrepresentantar i Oslo 7.nov

Måndag 7.november arrangerer Nasjonal servicemiljø for medisinske kvalitetsregister seminar der målgruppa er brukarrepresentantar og –pasientorganisasjonar. På programmet står mellom anna innlegg om brukarmedverknad i kreftregisterets befolkningsundersøking om helse og kvali-

tet og ny pasientinitiert registreringsløysing i Norsk Parkinsonregister. Pasient- og brukarrepresentantar som er deltakarar i dei nasjonale kvalitetsregistra sine fagråd er spesielt invitert.

[Les meir her om seminaret her](#)



Vi på Fagsenteret ynskjer alle ein god haust!

